

69. ¹ Tone: I rosenlund under sagas hall

1.

Kvar nordmann upp me kvæda iring
Vor maisong so da *glyma*
Me hev aa minnast so glupe ting
Ein takkesong vil seg søma.
Vort norrig stend i ly aa læ
Med sine fjelde stærke
Med kjærleik varm i von aa fre.
Med fridoms dyre mærkje

2.

Aa høyr me so korleis fædrar song
I tidor tronge aa saare
I bloduge krigar mangeingong
Naar alt stod i naud aa faare
Endaa dei song sit heimlands kvad
Um taarur nedmed trilla
Aa elsk til heimen djupt den sat
Gav mot i versta villa.

3.

Song dei med *eldhug* kor kan daa me
Harpur paa greinarna hengja
So er velsigna med himmelsk fre
Aa alt det dyra me trengja
Eitt folk i tru aa i kjærleik varm
Til heimsens land aa *logar*
Med mot i bryst aa merg i arm
Som alt for heimen vogar.

4. Naar fillor aa *hamar* burt er slengt

Aa eignalutarna berga
Aa kvar ein udom er løyst aa sprengt
Aa kvar heve sit aa verja
Daa kvæd ein glad umland aa heim
Aa alt so godt kan væra
Vor Gud aa alle trugne menn
Me hjarteleg vil æra.